

Spørsmål til ordfører, kommunestyremøtet Alver 22.09.22

Med Alver kommune som kommune med byvekstavtale med mål om 0-vekst i biltrafikk til Bergen sentrum, med fokus på å ta vekst i trafikk med kollektiv, sykkel og gange så må kommunen bidra til at folk kan gjera valg.

No har båten, Knarvik-Frekhaug-Bergen kommen inn i prissone A frå sommar 2022. Dette kan ein med trygghet anta aukar attraktiviteten for å nytta denne i større grad i si reiseplanlegging og gjennomføring av reise til og frå kommunen og regionen. Ved båtreise ser ein også eit godt antal sykklar vert tatt med om bord.

Spørsmåla som ligg ved er ikkje tiltak for å ta dei store trafikkstraumane, men i klassen eit av små tiltak som i lag med anna kan avlasta vegnettet inn til Bergen og over brua til Alver, samt gjera kommunen og regionen meir tilgjengelig.

For å bidra til at folk velger båt og eller buss frå Bergen til Alver, kan ordfører vurderer å setta i gang eit arbeid for å undersøka mulighet for at det vert utplassert bilar i Alver, - type bildeling som folk kan booka og nytta ved besøk i kommunen og regionen?

Samt vurderer kva og kvar ein kan setta av dedikerte og lett tilgjengelige parkeringsplassar for formålet?

Kan etablering av dedikerte parkeringsplassar event skje i samarbeid med Vestland fylke?

Eg har eit minne på at det er kommunale parkeringsplassar i Knarvik senter, kan ordfører bekrefte alt. avkrefta dette?

Mvh

Nina Bognøy

Alver Ap- kommunestyrerepres.